



## Notat

Dato: 20.03.2014  
Arkivsak: 2014/14001-1  
Saksbehandlar: monsogn

---

<b>Til:</b>	Ingrid Kristine Holm Svendsen, Anna Elisa Tryti, Bård Sandal, Håkon Rasmussen, Arne Åsan, Svein Leidulf Heggheim
<b>Frå:</b>	Fylkesrådmannen

---

### Budsjett 2015 - økonomiplan 2015-2018

Fylkesrådmannen har fastsett plan for budsjettarbeidet i fylkeskommunen – budsjettkalender – som ligg ved. Etter budsjettkalenderen skal ein innan utgangen av mars gje oversyn over milestolpar gjennom året som det er viktig at dei ulike avdelingane merkjer seg.

#### Notat om utfordringar

I følgje budsjettkalenderen skal avdelingane før Kommuneproposisjonen vert lagt fram, gje eit oversyn over utfordringar ein står overfor dei næraste åra i form av eit notat. I gjeldande økonomiplan er det peika på at dei høge investeringane medfører at veksten i renter og avdrag vil ta det meste av den samla veksten i frie inntekter fylkeskommunen kan rekna med. Det kan dermed ikkje reknast med vekst i avdelingane sine budsjettrammer, og nye tiltak må dermed i stor grad dekkast gjennom omprioriteringar. Utfordringsnotatet for 2015 og økonomiplanperioden 2015-2018 skal difor peika på tiltak ved to rammealternativ:

- a) forslag til omprioriteringar ved nullvekst i budsjettramma
- b) forslag ved reduksjon av budsjettramma med 2% av brutto driftsbudsjett

Kommuneproposisjonen 2015 vert lagt fram 14. mai 2014. Notata frå avdelingane må dermed sendast Økonomiavdelinga innan 13. mai - for å sikra at avdelingane sine utfordringar kan takast med i dei vidare budsjettvurderingane.

#### Målsetjingar og måltal for avdelingane

I budsjettet for 2015 skal fylkesdirektørane utarbeida målsetjingar med tilhøyrande måltal for sine avdelingar. Fylkesrådmannen ber om at dette arbeidet vert starta i samband med utarbeiding av notata om utfordringar nemnt ovanfor. Det er viktig at måltala gjeld sentrale arbeidsområde for avdelinga og ein må dermed konsentrera seg om nokre få viktige mål – t.d. tre til fem mål for kvar avdeling. Måltala må kunna følgjast gjennom året slik at det går fram korleis avdelinga ligg an i høve til målsetjinga. Fylkesrådmannen vil ta inn målrapporteringa som ein del av tertialrapportane som vert lagt fram for fylkestinget i juni og oktober.

## Risikovurdering

For å vurdere risikoen for å få negative overraskingar gjennom budsjettåret, ber fylkesrådmannen om at fylkesdirektørane gjennomgår risikoen innanfor sitt fagfelt. Det vert lagt opp til ein eigen prosess for risikovurdering som skal føra fram eit eige risikoavsnitt i det samla budsjettdokumentet. Fylkesdirektørane sine vurderingar skal inngå i denne samla risikovurderinga.

## Pris- og lønsvekst

Budsjettseksjonen er i gang med å rekna ut nullvekst-ramma. I omrekninga av 2014-budsjettet til 2015-tal vil ein leggja til grunn 1,5% prisvekst. For lønsveksten vil ein leggja til grunn regulativet pr. 1. januar året før budsjettåret – altså regulativet pr. 1. januar 2014 for budsjettet for 2015. Nullvekstutrekninga for dei ulike avdelingane sine budsjettområde vert sendt straks den ligg føre.

## Budsjettrammer

Etter at Kommuneproposisjonen er lagt fram, vil fylkesrådmannen utarbeida sak til fylkesutvalet med budsjettrammer for sektorane som skal leggjast til grunn for arbeidet med budsjettet for 2015 og resten av åra i økonomiplanperioden. Sak om budsjettrammer vert lagt fram for fylkesutvalet sitt møte i juni.

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

Johnny Stiansen  
fylkesdirektør økonomi